

Strålende Trio-stafett med 28 lag.

14.05.2015



Linnea(f.v.), Sigri, Norah og Isak med velfortente medaljar etter flott innsats i rekrutklassen

Den tradisjonsrike Trio-stafetten vart som vanleg arrangert på Kristi Himmelfartsdag. Dette er ein tradisjon som går heilt tilbake til 1966. Etter det har den vore arrangert kvart år unntake i fjor då Trio var opptatt med bygginga av det nye flotte anlegget. Triostafetten vart såleis arrangert for 49. gang i år.

Dei 48 første åra vart stafetten arrangert på og rundt grusbanen på Valen. I år var den for første gang flytta til Husnes stadion og området rundt. Det vart ein suksess med heile 28 deltakande lag og mykje publikum som kosa seg i finveret. I år var det berre sendt invitasjon til laga i Kvinnherad, og dermed var det gledeleg god deltaking. Neste år vil arrangørene senda ut invitasjonar til eit større område. Trio kom svært godt frå arrangementet.



Det andre rekrutlaget. Nora fremst og Sivert og Karoline bak.

Uskedal IL stilte med 4 lag, og alle gjorde ein imponerande innsats. Stafetten viste at det finst mykje talent både her i bygda og i Kvinnherad elles.

I rekrutklassen(6-9 år) hadde UIL to lag. Her var ikkje det viktigaste å vinna, men å delta og å gjennomføra. Det gjorde alle dei 7 på dei to laga, Sigri M. Lekva, Norah Hjønnevåg, Linnea M. Ripel, Isak S. Taranger, Nora Kristoffersen, Sivert og Karoline Ersland Myklebust på ein kjempeflott måte. Karoline sprang til og med 2 etappar sidan det berre var 3 løparar på det laget. Supert levert av alle 7! Det var heile 11 lag i klassen. Kvar etappe var på 60 m.



Vinnerlaget i jenteklassen saman med 3 av rekruttane: Solveig(bak f.v.), Ella Karina, Emma, Anna Elisabeth, Norah, Sigri(framme f.v.), Saima, Linnea og Hanna.

Uskedalen har utrøleg mange talentfulle jenteløparar. Det viste seg også i dagens stafett der dei cruisa inn til suveren siger. Laget bestod av følgjande løparar etappe for etappe:Ella Karina Hjørnevåg (500m), Hanna Tvilde (650m), Solveig Haugland(900m), Saima K. Døssland(600m), Emma M. Ripel(300m) og Anna Elisabeth S. Eik(200m). Laga i både jente- og guteklassen er aldersblanda slik at det er ein løpar i kvar aldersklasse frå 10 år til 15/16 år. Det går an å gå ned i alder. Denne ordninga fungerer veldig fint! Ein ting er at jentelaget vårt imponerte stort. Faktum er at det er så mange gode jenteløparar at dersom alle hadde vore tilgjengeleg, kunne vi hatt eit kjempegodt lag til!

Også gutelaget imponerte stort. I mangel på nok tilgjengelege guitar sprang søstrene Ingvill og Sunniva Ersland Myklebust på laget. Dei imponerte verkeleg og markerte seg skikkeleg mot gutane på motstandarlaga. Fleire av dei unge gutane gjekk også opp ein alderklasse. Resultatet vart ein sterkt 2. plass bak Rosendal. Dette var laget: Tørres M. Lekva(500m), Sunniva E. Myklebust(650m), Ingvill E. Myklebust(900m), Kristian Øvstebø(600m), Torbjørn Haugland(300m) og William Hjørnevåg(200m).



Imponerande 2.plass til guttelaget: Torbjørn(f.v.), William, Ingvill, Kristian, Tørres og Sunniva.

Vi gratulerer alle dei 3 laga med særdeles flott gjennomført stafettinnsats! Det var tydeleg at stafett er noko spesielt. Lagkjensla og gleda rundt det kom tydeleg til syne.

Arrangørlaget Trio sikra seg suverene sigrar i både dame- og herreklassen. I desse klassane hadde ikkje UIL lag, men det var likevel Uskedalsinnslag. Marianne Korsvoll sprang for Ternen, Torstein Myklebust for Rosendal og utflytta uskedeling Nina T. Bernardsen sprang for Herøysundet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland, deltakar i Trio-stafetten på siste del av 1960-talet.

Foto: Sigmund Myklebust.